

Utvalg:	Innovasjonsutvalget	Dato: 15.11.2023
IU-sak: 28/23		Arkivsaknr.:

Mobilisering for kompetanse- og samarbeidsprosjekt på UiB

Bakgrunn

Samarbeidsprosjekt for å møte utfordringar i samfunn og næringsliv og Kompetansebyggende prosjekt for næringslivet (KSP) er to finansieringstypar frå Forskingsrådet som UiB i større grad kan nytte seg av. Nytt for denne utlysinga blir at det ikkje vil gi karantene mot FRIPRO-søknader å søkje på KSP, men ein kan ikkje søkje KSP og tematisk forskarprosjekt samtidig.

Status KSP UiB

Tal frå dei fem siste åra (under) understrekar at KSP i særleg grad blir brukt av instituttsektoren, og at NTNU har vore særleg flinke til å bruke ordningane. UiB har så langt i 2023 sendt inn 6 søknader som koordinator, men ikkje fått tilslag på nokon. Som partner har vi vore med på 19 søknader, og fått tilslag på 8. Dette er ein markant nedgang frå åra 2019 til 2022.

Søknader og prosjekt nasjonalt 2019-2023

Institusjon	Søknader	Bevilgninger	Innvilget beløp	Innvilget (%)
SINTEF	399	113	1 568 863 968	28
NTNU	268	60	782 456 336	22
NMBU	133	45	524 749 830	34
NORCE	134	35	450 099 396	26
NIBIO	129	31	343 310 655	24
UIB	93	30	272 676 253	32
UIO	108	30	362 939 303	28
OSLOMET	111	23	235 260 194	21
IFE	48	20	238 183 028	42
TØI	58	19	180 155 821	33
UIS	64	15	177 684 000	23
UIT	61	14	191 867 000	23
HVL	67	14	158 681 563	21
USN	61	13	149 306 000	21
VI	34	13	116 750 870	38
NINA	49	11	158 812 000	22
CICERO	26	9	129 083 944	35
FHI	34	9	116 969 547	26
NORD	48	9	113 646 000	19
NIVA	20	9	136 053 000	45

Utlysing for 2024

Neste søknadsfrist for hovudutlysing er 13. mars 2024, og så langt er desse temaområda kunngjorde:

Kompetansebyggjande prosjekt for næringslivet:

- Energi, transport og lavutslipp
- Petroleum

Samarbeidsprosjekt for å møte utfordringar i samfunn og næringsliv:

- Hav
- Utdanning og kompetanse
- Muleggjerande teknologiar
- Demokrati, styring og fornying
- Energi, transport og lågutslepp
- Landbasert mat, miljø og bioressursar

Ein kan òg vente at den lova milliarden til satsing på kunstig intelligens delvis vil kunne komme via KSP-løyvingar, og det vil difor vere fordelaktig å førebu seg på at dette kan bli ei viktig finansieringskjelde for forskning på kunstig intelligens.

UiB prosess mot 2024-utlysing

Forsknings- og innovasjonsavdelinga (FIA) vil jobbe opp mot det lokale forskingsstøtteapparatet for å bidra til av fleire forskingsmiljø mobiliserer til KSP-søknader. Søknadstypen er særleg viktig av fleire grunnar: Tilslagsprosenten er langt høgare enn for til dømes FRIPRO, og forskarane kan difor få meir igjen for tidsbruken. Vidare er det eit krav at det skal vere med minst to samarbeidande institusjonar eller bedrifter, som ikkje er forskingsinstitusjonar. For å lukkast vil det difor vere naudsynt med eit langsiktig samarbeid med eksterne aktørar, noko som gjer det lettare for fagmiljøa òg å lukkast med søknader om sentre for forskingsdriven innovasjon, eller samarbeidsprosjekt i Horisont Europa.

I samarbeid med det lokale forskingsstøtteapparatet vil FIA difor identifisere forskarar som kan passe til dei relevante utlysingane, og gi dei kunnskap om korleis dei kan jobbe for å identifisere potensielle partnerar. Her er det òg interessant å byggje vidare på samarbeidet med NORCE.

Eit viktig verkemiddel her er å etablere møteplassar mellom forskarar og næringsliv eller offentleg sektor. Dette kan vere i form av fagdagar og konferansar, klynger, arenaer som Bergen næringsråd, eller ein-til-ein-arrangement som «Møt ein forskar til lunsj», som blei arrangert under Forskningsdagane.

Oppsummering

KSP er eit verkemiddel UiB bør ha ambisjonar om å bruke i større grad, på tvers av alle fakultet, i den grad temainnretninga tillet det.

Saken legges fram til orientering i IU.